



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Tone Bøyum / 55516792 16/173346-4 16/3637 – 17/2157 16.02.2017

### Uttale – Dispensasjon fra byggegrense – Hurtigladestasjon – E39 – Gnr. 214 bnr. 119 – Lindås kommune

Statens vegvesen har mottatt søknad 10.11.2016 fra Grønn kontakt om dispensasjon fra byggjegrense langs E39. Vi syner elles til svar fra Lindås kommune mottatt 31.01.2017 der de ber om at Statens vegvesen behandler søknaden.

#### Kva sak gjeld:

Det er søkt om å oppføre hurtigladestasjon for el-bilar med tilhøyrande parkeringsplassar med meir på gnr. 214 bnr. 119, i tilknyting til Best Bensinstasjon på Eikanger i Lindås kommune. Tiltaket skal ha kapasitet til tre bilar.

Tiltaket ligg innanfor eit område som er regulert gjennom «RV 1 Parsell Vikane – Eikanger» (1995). I denne planen er området avsett til bensinstasjon / serviceområde. Tiltaket er plassert om lag 22 meter frå vegmidte til E39.

#### Vidare saksgang:

Området er regulert gjennom reguleringsplan. Det er difor Lindås kommune som i dette tilfellet er rett planmynde og avgjer dispensasjon frå godkjent plan. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer vår uttale til saka:

#### Uttale:

Byggjegrensa skal ivareta omsynet til trafikktrygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved utviding av vegen og miljøet langs vegen. Gjennom «Rammeplan for avkørsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016)» er vegnettet i regionen differensiert. E39 er klassifisert til «Haldningsklasse 1». Det vil mellom

anna seie at vegen er ein svært viktig hovudveg med nasjonal og regional funksjon og at byggjegrensa på staden er 50 meter.

I områder som er regulert gjennom reguleringsplan er det planen sine byggjegrenser som gjeld. Det kjem ikkje tydeleg fram av reguleringsplan kva som er byggjegrense på staden. Vi legg difor til grunn at det er byggjegrensa som var gjeldande i 1995 som gjeld. Den gang var byggjegrensa 30 meter frå vegmidte.

Søker argumenterer med at plassering er tilpassa trafikkavvikling, siktlinjer mm og meiner at plasseringa ikkje kjem i konflikt med intensjonen bak føreseggnene i veglova.

Statens vegvesen meiner at ein i utgangspunktet bør innrette seg etter hovudregelen, som i dette tilfellet er 30 meter. I 2011 gav vi til dømes dispensasjon oppføring av nettstasjon på same eide. Vi la då til grunn ei streng haldning, mellom anna med bakgrunn i at det er regulert nytt kryss til omsøkte eide og til områda nord for eideomen. Med bakgrunn i at vegen har ei svært streng haldningsklasse, og at 30 meter byggjegrense er ein vesentleg reduksjon frå dagens byggjegrense på 50 meter, meiner vi at søkjar bør innrette seg etter dette.

Vi ber om å få sendt over Lindås kommune sitt vedtak til klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Grønn kontakt AS, Lysaker torg 5, 1366 LYSAKER